

Saksbehandlar: Ingeborg Lysne Mcevoy, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 15/8650-2

Regional cruisestrategi for Vestlandet

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur å gje slik tilråding: Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» slik den ligg føre, som ein intensjon for vidare arbeid med cruiseturisme.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at det vert utarbeidd ein handlingsplan for iverksetting av tiltak for å nå måla i strategidokumentet.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Hordaland Fylkeskommune gjennomførte hausten 2013 ein forstudie med det formål å få fram relevante utfordringar og moglegheiter knytt til cruiseverksemda og som kunne danne grunnlag for vidare arbeid med ein cruisestrategi for Hordaland. Ei tilråding frå forstudien var at dei fire vest-landsfylka (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal) bør ha ein heilskapleg strategi for korleis ein vil påverke og styre utviklinga innan cruise.

Tilrådinga om å utarbeide ein forstudie for ein mogeleg felles Vestlandsstrategi fekk tilslutnad frå dei fire fylkeskommunane i vestlandsregionen. Ein oppmoda difor om at det vart utarbeidd ein felles forstudie med ein analyse av sentrale og relevante utfordringar og moglegheiter slik at denne kunne danne grunnlag for eit vidare arbeid med strategiutviklinga. Utkast til ein felles forstudie for dei fire Vestlandsfylka vart i juni 2014 sendt ut til ei rekkje næringsaktørar, bransjeorganisasjonar og offentlege instansar for innspel. Det var stort engasjement blant aktørane, og til saman kom det inn 26 innspel. Forstudien peika på at ein felles vestlandsstrategi ville kunne gjere regionen slag-kraftig og gjere det mogleg å legge føringar for og påverke utforminga av ein nasjonal strategi.

I møte i Vestlandsrådet 5.12.14 blei det vedteke at vestlandsfylka ynskte å starte arbeidet med ein felles strategi for cruiseturisme. I vedtaket heiter det; "Vestlandsrådet bad i vedtak av 05.12.2014 om at det vert utarbeidd ein kortfatta, overordna cruisestrategi for Vestlandet med utgangspunkt i dei samla utfordringar ein har. Grunnlaget for arbeidet med strategien er regjeringa sine tre hovudmål for ein eigen reiselivstrategi om ein berekraftig reiselivsnæring og dei utfordringar og moglegheiter som det vart peika på i "Forstudie om felles cruisestrategi for dei fire Vestlandsfylka".

Strategidokumentet er no klart for politisk handsaming før det skal behandlast av arbeidsutvalet til Vestlandsrådet (VR, juni - dato ikkje satt). Det vart fyrst lagt opp til handsaming i VR 26.05, men dette vart seinare endra. Fylkesrådmannen informerte difor FU 13.04 om at møteplanen vår ikkje opna for å handsame strategidokumentet i FU viss VR skulle ha saka 26.05. FU aksepterte

då at cruisestrategien kunne leggjast fram for hovudutvalet (HNK) før VR, og at det var tilstrekkeleg at FU vart orientert. Sidan er denne køyreplanen endra, og saka går difor til HNK/FU på vanleg måte.

2. Om arbeidet med regional cruisestrategi

Dei fire fylkesutvala slutta seg til vedtaket i Vestlandsrådet om at det skulle utarbeidast ein overordna cruisestrategi for Vestlandet og at denne skulle innarbeidast som ein del av "Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013-2020".

Ei arbeidsgruppe for strategiprosessen vart oppnemnd og bestod av næringsgruppa i VR, dvs. dei fire næringsssjefane, reiselivsrådgevarane i kvar fylkeskommune og representantar frå Stavanger, Aurland, Bergen, Ålesund og Stranda kommunar. Arbeidsgruppa inviterte også Vestlandsforskning til å møte som observatør i arbeidsgruppa sine møte då dei er i gang med eit større forskingsprosjekt omkring cruiseturisme i Vestlandsregionen. Ekstern prosessleiar har vore Trond Amland frå Amland Reiselivsutvikling.

Arbeidsgruppa starta arbeidet våren 2015 og har fram mot februar 2016 hatt seks møte. Ein viktig del av arbeidet var innspelkonferansane i oktober 2015, desse vart organisert som opne møte for å få innspel til korleis cruiseturismen bør utviklast i dei neste 5-10 åra i Vestlandsregionen. Det vart arrangert ein innspelkonferanse i kvart fylke og nærare 200 representantar frå ulike delar av reiselivsnæringa, andre tilgrensande næringar og offentlege aktørar deltok.

I mars var arbeidsgruppa ferdig med eit utkast til eit strategidokument som vart sendt ut på høyring til ei rekkje organisasjonar, bedrifter og offentlege etatar. Alle innspel har vore diskutert i arbeidsgruppa og teke inn i teksten der ein har vurdert dette som relevant. Arbeidsgruppa har valt å tolka alle innspel som nettopp innspel, det gjeld også vedtak som andre har gjort og som er sendt inn som høyringsuttale. Høyringsinnspela synleggjer også at det er særskilte syn på kva som er rett veg å gå og kven som skal ha ansvar for utviklinga. I strategidokumentet har ein freista å peike på fellesnemnarar og ulike val ein kan gjere, samstundes som ein viser til at nokre oppgåver er eit typisk lokalt ansvar medan andre, meir overordna oppgåver er eit regionalt og i nokre døme eit nasjonalt ansvar.

Cruisestrategien er meint å vere ein del av den overordna reiselivsstrategien for heile Vestlandsregionen som igjen er ein del av den regionale næringsutviklinga i denne regionen. Strategidokumentet må difor sjåast i eit større perspektiv samstundes som det om handlar ein viktig del av reiselivsnæringa i ein region som har opplevd ein kraftig vekst dei seinare åra. Dette gir nye moglegheiter som ein må søkje å utnytta gjennom ein heilskapleg politikk.

3. Vurderingar og konsekvensar

Strategidokumentet gjev eit grundig bilete av cruisenæringa, og viser også kor omfattande og samansett næringa er. Cruisenæringa skil seg frå resten av reiselivsnæringa ved at den krev ein eigen logistikk for å handtere høge gjestetal, samtidig som den er forholdsvis føreseieleg fordi anløpsplanen gjerne vert lagt eit år på førehand. Næringa har vore prega av eit negativt miljø-fokus, ein diskusjon som heng att frå ei tid med gamle skip og lite fokus på miljø frå næringa sjølv. Dette er i endring, sjølv om det framleis er eit stort forbetningspotensiale. Eit anna forhold er at næringa på land gjev signal om at dei sit at med lite fortjeneste frå cruisepassasjerar. Dette er grundig omtala i strategidokumentet og bør få eit stort fokus i vidare arbeid. I arbeidet med cruisestrategien har ein også sett at cruiseturismen og reiselivsnæringa elles har mange av dei same utfordringane, som for eksempel heilskapleg reiselivsplanlegging og samarbeid på tvers av offentlege etatar og næringar.

For at arbeidet med eit strategidokument skal tre i kraft bør det utarbeidast ein handlingsplan for iverksetting av tiltak. Ein slik plan må ha måla og tiltaka som kjem fram i cruisestrategien. I dokumentet er det lagt fram suksessfaktorar som bør vere retningsgjevande for vidare arbeid. I ein handlingsplan bør det leggjast vekt på korleis vidare arbeid skal styrast og korleis dette vert organisert. Fylkeskommunane på Vestlandet bør vere sentrale i vidare arbeid.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen ber om at Fylkesutvalet vedtek at fylkeskommunen sluttar seg til «Cruise-strategi for Vestlandsregionen 2016-2020», og at det vidare vert arbeid ein handlingsplan som ein naturleg vidareføring av arbeidet med strategien.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)